


Likelydande til:

Naboar og gjenbuarar, heimelshavarar, interesseorganisasjonar og offentlege høyringsinstansar

Vår ref.: 6983_varslingsbrev

Straume den: 22.12.15

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID




Med heimel i PBL § 12-8 varslast det om oppstart av arbeid med privat detaljreguleringsplan for:


Tofterøy Camping AS, gnr 17 bnr 1 med fleire, Tofterøy, Sund kommune

Varsel gjelder ny oppstart av planarbeid for del av Tofterøy Camping.

Planstatus og formål:



Utstnitt frå kommuneplanen



Planforslag vedteke av Forvaltningstyret
26.01.09

Planområdet utgjør om lag 35 daa og er i gjeldende kommuneplan i hovudsak avsett til fritids- og turistformål med krav til regulering.

Det har tidlegare vore gjennomført reguleringsarbeid for eigedommen. Dette arbeidet vart ført fram til vedtak i Forvaltningsstyret, Planutvalget 26.01.09 om å leggja plan ut på høyring. Planen blei derimot ikkje lagt ut på høyring og er såleis utan formelt vedtak.

Formålet med reguleringsarbeidet er å oppnå endeleg vedtak samt legge til rette for nytt service- og fellesanlegg på området. Planen er å riva eksisterande bygg og bygge nytt.



Førebels skisser omhandlar eit nytt bygg på 3 plan, med grunnflate ca 260m² og bruksareal ca 450m²

Tiltakshavar er Tofterøy Camping AS.

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 11.12.15.

Naboar og grunneigarar blir varsla direkte. Alle mottekne dokument, merknader o.l. vil fylgje planforslaget når dette blir sendt inn til kommunen for handsaming og vedtak.

Eventuelle merknader eller spørsmål til varsel om oppstart kan sendast til utførande for planarbeidet:

magnar@stracon.no eller Stracon AS, Tytebærbrekko 2, 5353 Straume, innan 05.02.2016. merka: "6983 – Detaljregulering Tofterøy Camping, Gnr 17 bnr 1, Sund kommune".

Etter at uttalefristen er utgått vil planforslaget verte utarbeidd og deretter sendt til kommunen for handsaming. Etter første gongs handsaming (politisk, i det faste utval for plansaker/kommunestyret) vil planen verte sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere moglegheit for å sende merknader og eventuelle protestar til planforslaget før vidare politisk handsaming. Har de innspel til arbeidet vert det likevel oppmoda om at desse vert innsendt ved denne varslinga.

Med vennleg helsing



Magnar Eide

Kopi til:

-Forslagstiller

-Sakshandsamer i Sund kommune